



MØTEINNKALLING

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtedato: 21.10.2020
Møtetid: Kl. 13:00
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/2020	20/858	Faste saker	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Orienteringssaker/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/858	Løpenr: 20/9111
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	21.10.2020	003/2020

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Orienteringssaker/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
 Orienteringssaker/referatsaker.
 Utvalet sitt kvarter.

Oversikt orienteringssaker/referatsaker:

- Behov for gjennomgang/ajourføring av vedlegga til lønspolitisk plan (sjå vedlagt notat)
- Orientering om behov for ny lokal avtale om arbeidstøy for tilsette i Samnanger kommune (sjå vedlagte notat)
- Orientering om lokale lønnsforhandlingar 2020 i Samnanger kommune (sjå vedlagte notat)
- Budsjett 2021 - utfordringar og moglege endringar
- Handsaming/oppfølging av varsel om arbeidstilhøva ved barneskulen - status
- Orientering om arbeidet med ny kommunal heimeside

Informasjonsnotat/orientering

Frå:

Jan Erik Boge

Behov for gjennomgang og revisjon av vedlegga til lønspolitisk plan

Saknr/Journalnr

19/250/20/9068//JEB

Arkivkode

FE-500

Dato:

19.10.2020

INNLEIING

Samnanger kommune sin noverande lønspolitiske plan vart vedteken av kommunestyret i juni 2019. Denne planen erstatta tilsvarande plan frå 2014. Det er to vedlegg til lønspolitisk plan:

- Vedlegg A. Oversikt over lokale avtalar og vedtak.
- Vedlegg B. Lokale lønsforhandlingar.

Vedlegga kan lastast ned frå kommunen si heimeside;

<https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=67&FillId=71>

Føremålet med vedlegg A er å gje oversikt over lokale avtalar og vedtak som regulerer arbeidsvilkåra for tilsette og oppdragstakarar i kommunen.

Føremålet med vedlegg B er å gje oversikt over prosedyrer for lokale lønsforhandlingar i kommunen. Vedlegga vart ikkje gått gjennom eller reviderte i samband med arbeidet med ny lønspolitisk plan i 2019. Siste revisjon av vedlegga vart gjort i juli 2015. Gjennomgang og revisjon av vedlegga har vorte etterlyst av fagforeiningar ved fleire høve. Administrasjonen har framleis ikkje kome i gang med dette arbeidet, som det no er viktig å få gjort. Nedanfor følgjer informasjon om vedlegga til lønspolitisk plan og om kva arbeid som må gjerast.

VEDLEGG A. OVERSIKT OVER LOKALE AVTALAR OG VEDTAK

A1. Avtalar/vedtak gjort av politiske organ

A.1.1 Løn til høgskulestudentar (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 09.09.2010)

Bakgrunn: Vedtaket vart gjort med tanke på å rekruttera og behalda høgskulestudentar som tilsette i kommunen medan dei tek utdanning, for eksempel sjukepleiarstudentar i helgestillingar i pleie og omsorg.

Status: Det er behov for å revidera reglane om løn til høgskulestudentar. Det bør også vurderast om det skal innførast lønstiltak for andre studentar enn høgskulestudentar, for eksempel tilsette som gjennomfører fagarbeidarutdanning.

Framdriftsplan: Administrasjonen tek sikte på å leggja fram sak om dette på neste møte i administrasjonsutvalet.

A.1.2 Godtgjersle for flagging (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 20.04.1998)

Status: Det bør avklarast med teknisk drift om den vedtekne ordninga vert praktisert framleis, og om det i så fall er behov for å gjera endringar i ordninga.

Framdriftsplan: Administrasjonen vil til neste møte i administrasjonsutvalet avklara med teknisk drift, og eventuelt leggja fram sak for administrasjonsutvalet.

A.3.1 Godtgjering for deltaking på personalmøte (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 13.04.1999)

Status: Det er truleg ikkje behov for å gjera endringar i sjølve innhaldet i vedtaket, men det kan vera behov for ei justering i ordlyden.

Framdriftsplan: Administrasjonen vil leggja fram sak på neste møte i administrasjonsutvalet dersom dette vert vurdert som nødvendig.

A.1.4 Særavtale for leiarar løna etter HTA kap. 3, pkt. 3.4.1

Status: Dette er ein avtale som vart inngått i 1998 og gjaldt dåverande rådmann og dåverande assisterande rådmann. Denne avtalen er slik administrasjonen vurderer det, ikkje aktuell lenger og kan fjernast frå vedlegget til lønspolitisk plan. Vilkår som tidlegare var regulert av særavtalen frå 1998, er no lagt inn i dei aktulle tilsette sin individuelle arbeidsavtale.

A.1.5.1 Lokale reglar for lønsansiennitet ved overgang til anna stilling i kommunen (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 20.01.2003)

Bakgrunn: Dette vedtaket vart gjort på bakgrunn av at hovudtariffavtalen ikkje detaljert regulerte korleis lønsansiennitet skal reknast ut ved overgang til anna stilling, eller ved korte avbrekk i tilsetjingstilhøve.

Status: Det er uklart om det framleis er behov for dei lokale reglane/presiseringane som administrasjonsutvalet vedtok i 2003.

Framdriftsplan: Administrasjonen vil til neste møte i administrasjonsutvalet vurdere om det framleis er behov for dei lokale reglane/presiseringane som vart vedtekne i 2003.

A.1.5.2 Lønsansiennitet for ekstrahjelp/mellombels tilsette (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 20.03.2004)

Bakgrunn: Dette vedtaket vart gjort på bakgrunn av at hovudtariffavtalen ikkje detaljert regulerte korleis lønsansiennitet skal reknast for ekstrahjelparar/mellombels tilsette.

Status: Det er uklart om det framleis er behov for dei lokale reglane/presiseringane som administrasjonsutvalet vedtok i 2004. Det er uansett behov for å gjera nokre endringar i ordlyden i vedtaket dersom kommunen framleis skal ha lokale reglar på dette området.

Framdriftsplan: Administrasjonen vil til neste møte i administrasjonsutvalet vurdere om det framleis er behov for dei lokale reglane/presiseringane som vart vedtekne i 2004.

A.1.6 Sjukeløn for ekstrahjelp/korttidsvikarar (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 22.03.2004)

Bakgrunn: Dette vedtaket vart gjort på bakgrunn av at hovudtariffavtalen ikkje detaljert regulerte retten til sjukeløn for ekstrahjelparar/korttidsvikarar.

Status: Det er uklart om det framleis er behov for dei lokale reglane/presiseringane som administrasjonsutvalet vedtok i 2004.

Framdriftsplan: Administrasjonen vil til neste møte i administrasjonsutvalet vurdere om det framleis er behov for dei lokale reglane/presiseringane som vart vedtekne i 2004.

A.1.7 Vidareføring av lokale lønstillegg ved skifte av stillingsinnehavar (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 24.10.2012)

Bakgrunn: Dette vedtaket vart gjort på bakgrunn av at enkelte stillingsgrupper i kommunen hadde fått lønstillegg i lokale lønsforhandlingar, og at ikkje var avklart om nyttilsette i stillingsgruppa (personar som vart tilsett etter dei lokale lønsforhandlingane) også skulle få det same lønstillegget.

Status: Administrasjonen ser ikkje behov for å endra dette vedtaket, men Fagforbundet har ved fleire høve teke opp at dei er usamde i vedtaket. Dette er stadig ei kjelde til diskusjonar mellom Fagforbundet og administrasjonen.

A.1.8 Kompensasjon for bruk av privatbil i tenesta (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 25.10.2010)

Bakgrunn: Dette vedtaket vart gjort for å klargjera kva vilkår som må vera oppfylte for at ein tilsett skal verta omfatta av ordning med fast økonomisk kompensasjon for bruk av privatbil i tenesta, samt for å avklara kva økonomisk kompensasjon som skal utbetalast. Dette var ikkje detaljert regulert i sentralt kommunale reiseregulativet.

Status: Det er framleis behov for å ha lokale reglar/presiseringar på dette området. Det er uansett behov for ajourføra/oppdatera dei lokale reglane.

Framdriftsplan: Administrasjonen vil leggja fram sak på neste møte i administrasjonsutvalet.

A.1.9 Satsar for omsorgsløn (vedtak gjort av kommunestyret 22.06.2011)

Bakgrunn: Det er kommunen sjølv som fastset satsane for omsorgsløn. Kommunestyret vedtok i 2011 både sats for omsorgsløn og reglar for regulering av satsen.

Status: På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak, vert satsen for omsorgsløn regulert kvart år (i januar). Satsen ligg 4 000 kroner høgare enn minsteløn for ufaglært med 0-2 års lønsansiennitet, på same måte som den gjorde etter kommunestyret sitt vedtak i 2011. Satsen er pr. i dag 305 500 kroner. Administrasjonen ser ikkje behov for å endra på den gjeldande ordninga.

A.1.10 Lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar (vedtak gjort av administrasjonsutvalet 28.11.2012)

Bakgrunn: Vedtaket vart gjort fordi det i fleire år hadde vore usemje om kva praksis kommunen skulle ha for lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar.

Status: Det er etter administrasjonen sitt syn ikkje behov for å gjera endringar i vedtaket.

A.2 Avtalar/vedtak gjort av rådmannen

Følgjande avtalar/vedtak er lista opp i punkt A.2:

- A.2.1 Avtale for brannbefal
- A.2.2 Avtale for deltids brannmannskap
- A.2.3 Avtale om snøbrøyting
- A.2.4 Avtale om arbeidstøy
- A.2.5 Avtale om teknisk heimevakt
- A.2.6 Avtale om heimevakt IKT
- A.2.7 Verknadsdato for kompensasjon for bruk av privatbil i tenesta
- A.2.8 Arbeidstid for einingsleiarar i Samnanger kommune

Avtalane/vedtaka i punkt A.2 vert ikkje gått gjennom i dette notatet. Nokre av avtalane er ikkje aktuelle lenger, og det kan også ha kome til nye avtalar som ikkje er med på lista. I tillegg er det

behov for å få på plass ny avtale om arbeidstøy. Administrasjonen vil gå gjennom og ajourføre punkt A.2 før årskiftet 2020/2021.

VEDLEGG B. LOKALE LØNSFORHANDLINGAR

Vedlegg B inneheld oversikt og reglar/prosedyrer for gjennomføring av lokale lønsforhandlingar i Samnanger kommune. Det er behov for å gå gjennom og ajourføre dette vedlegget. Dette kan truleg gjerast av administrasjonen - i samarbeid med fagforeiningane - utan å involvera administrasjonsutvalet.

Informasjonsnotat/orientering

Til:

Administrasjonsutvalet

Frå:

Jan Erik Boge

Orientering om behov for ny lokal avtale om arbeidstøy for tilsette i Samnanger kommune

Saknr/Journalnr

20/141/20/9055//JEB

Arkivkode

FE-535

Dato:

19.10.2020

Det vart i 2006 inngått lokal avtale i Samnanger kommune om arbeidstøy til ein del grupper av tilsette, mellom anna reinhaldarar, barnehagetilsette, assistentar i skule/SFO, lærarar og tilsette i pleie- og omsorgstenestene. Avtalen regulerer kva arbeidstøy dei tilsette har rett til å få frå arbeidsgjevar, kor ofte arbeidstøyet kan skiftast ut m.m. Avtalen er basert på sentralt inngått avtale mellom KS (Kommunesektorens organisasjon) og fagforeiningane. Både den sentrale og den lokale avtalen er basert på at arbeidstakar som hovudregel får utlevert arbeidstøy etter behov. Ordlyden i den sentrale særavtalen (SGS 1002) er som følgjer:

Arbeidstøy

Arbeidstaker får som hovedregel utlevert arbeidstøy etter behov. Behovet avgjøres av partene lokalt gjennom særavtale. Ved uenighet om behovet gjelder Hovedavtalen del A § 4-5, jf. § 6-2.

I de tilfeller det er behov for arbeidstøy, jf. ovenfor, men partene er enige om at det er mest hensiktsmessig at arbeidstaker selv skaffer arbeidstøy, skal det gis refusjon for de faktiske utgiftene.

Fram til 2006 hadde kommunen ordning med utbetaling av klesgodtgjersle til tilsette som har behov for arbeidstøy. På grunn av endringar i den sentrale særavtalen, gjekk kommunen vekk frå denne ordninga i 2006. I staden kjøper no kommunen inn eller leiger arbeidstøy. Alternativt kan tilsette i nokre einingar kjøpa inn arbeidstøy sjølv og få refundert utgiftene av kommunen. Det er ein del misnøye med den noverande ordninga, både blant tilsette og i administrasjonen (økonomikontoret). Denne misnøya har nyleg også vorte teke opp i arbeidsmiljøutvalet.

Ein del kommunar har framleis ordning med utbetaling av klesgodtgjersle. Administrasjonen i Samnanger kommune har dei siste åra fått spørsmål frå både einingsleiarar og tillitsvalde om kvifor ikkje Samnanger også har slik ordning. Med ei slik ordning vil den tilsette sjølv vera ansvarleg for å kjøpa inn nødvendig arbeidstøy. Ei slik ordning kan for eksempel vera aktuell i barnehage, skule/SFO og reinhaldstenesta. Den vil ikkje vera aktuell i helse- og omsorgstenestene, eller for kjøp av verneutstyr (for eksempel i brannvesenet og i teknisk drift).

Dersom det skal inngåast ordning med utbetaling av klesgodtgjersle, må det inngåast ein ny lokal avtale mellom kommunen og fagforeiningane. Det må i så fall avtalast kva sats/satsar kommunen skal ha for klesgodtgjersle, om me skal ha forskjellig sats for ulike grupper av tilsette, om satsen skal utbetalast i forhold til stillingprosent, m.m. Det vil vera viktig at ordninga vert rettferdig, men ikkje unødvendig komplisert å administrera. Som vedlegg til dette notatet følgjer ein modell som eventuelt

kan brukast som utgangspunkt for slike forhandlingar. Denne modellen tek omsyn til at det er ulike behov for arbeidstøy, og at det også vil variera kva utskiftingsfrekvens som er nødvendig for dei ulike gruppene av tilsette. Det er også enkelt å leggja inn endringar i behov, utskiftingsfrekvens og prisar for arbeidstøy i modellen.

Rådmannen har fullmakt til å inngå ny lokal avtale med fagforeiningane om arbeidstøy, d.v.s. at denne saka ikkje treng handsamast politisk.

Vedlegg:

Utkast til modell klesgodtgjersle

Type arbeidstøy	Varmekjole/dress	Regnkle (jakke og bukse)	Ytterjakke (pleie og omsorg)	Ytterjakke (for legane v/utrykking)	Arbeidskittel og bukse (helse og omsorg)	bukse + jakke/vest (reinhaldarar)	Forkle, jakke, bukse, lue (mat og helse)	Frakk/tilsv. (naturfag/laboratorium)	Genser/skjorte og bukse	Treningsstøy/ treningsdrakt og joggesko/gym-sko	Vasstette sko/støvlar	Lette arbeidssko	Lue og vottar	Klesgodtgjersle pr. år i full stilling	Klesgodtgjersle pr. år kroppspøving eller mat og helse, minst 5 veketimar	Klesgodtgjersle pr. år kroppspøving eller mat og helse, under 5 veketimar
Arbeidstakargruppe																
Barnehagetilsette	2	2									2		2	2 050		
Tilsette i SFO	3	3									3		3	1 233		
Skuleassistentar 1.-4. trinn		3												500		
Lærarar, 1. trinn		3												500		
Lærarar i kroppspøving **										2					1 000	500
Lærarar i mat og helse***							2								1 000	500
Reinhaldarar						1						1		1 500		
Helsesekretærar/tilsvarande					B											
Helsestasjon/jordmor/fysioterapeut					B											
Legane på helsetunet				B	B											
Tilsette på sjukheimen og i heimetenestene			B		B											
Tilsette i bufellesskapet					B											
Grunnlag for utrekning av godtgjersle (kostnad ved utskifting kvart år) *	1 000	1 500				1 000	2 000		1 000	2 000	1 200	500	400			

Frekvens for anskaffing/utskifting: 1 = årleg, 2=annakvart år, 3=kvart tredje år, 4=fjerde kvart år, B=etter behov (blir kjøpt/leigd inn av arbeidsgjevar)

*) Ved utskiftingsfrekvens kvart år (1) utbetalast 100 % av beløpet, ved utskiftingsfrekvens annakvart år (2) utbetalast 50 % av beløpet, ved utskiftingsfrekvens kvart tredje år (3) utbetalast 33 % av beløpet, osv. Klesgodtgjersle vert utbetalt månadleg i forhold til stillingsprosent.

***) Lærarar med minimum 5 veketimar i kroppspøving utbetalast full sats. Lærarar/assistentar med mindre enn 5 veketimar utbetalast halv sats.

****) Lærarar med minimum 5 veketimar i mat og helse utbetalast full sats. Lærarar med mindre enn 5 veketimar utbetalast halv sats.

Informasjonsnotat/orientering

Til:

Administrasjonsutvalet

Frå:

Jan Erik Boge

Orientering om lokale lønnsforhandlingar 2020 i Samnanger kommune**Saknr/Journalnr**

20/796/20/9061//JEB

Arkivkode

FE-515

Dato:

19.10.2020

I årets hovudtariffoppgjeret for KS-området vart det ikkje avsett pott til lokale lønnsforhandlingar i 2020 for tilsette som er lønna etter kapittel 4 i hovudtariffavtalen. Dette betyr at det i år berre skal gjennomførast lokale lønnsforhandlingar for dei gruppene av tilsette som ikkje får årslønna si regulert i dei sentrale tariffoppgjera (tilsette som er lønna etter kapittel 5 eller 3.4 i hovudtariffavtalen). Dette gjeld om lag 15-20 prosent av dei tilsette i kommunen, mellom anna:

- Einingsleiarar
- Rådgjevarar
- Legar
- Økonomisjef
- HR-leiar
- Biblioteksjef
- Ingeniørar/tilsvarande
- Inspektørar/avdelingsleiarar ved skulane

Tariffpartane sentralt legg til grunn at lønnsutviklinga for tilsette i kapittel 5 og 3.4 må følgja dei same økonomiske rammene som for tilsette i kapittel 4. D.v.s. at det vert lagt til grunn ei årslønnsvekst 2019 til 2020 på 1,7 prosent. Årslønnsveksten for tilsette i kapittel 4 er rekna ut som følgjer:

Kap. 4-stillinger	Kommuner og fylkeskommuner	Kommuner	Fylkeskommuner
Overheng til 2020	1,3 %	1,3 %	1,2 %
Anslag glidning i 2020	0,3 %	0,3 %	0,3 %
Sentrale tillegg per 1.9.2020	0,1 %	0,1 %	0,1 %
Heving av sats for lørdags- og søndagstillegg etter HTA 5.2.1 per 1.10.2020	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Anslag årslønnsvekst 2019 til 2020	1,7 %	1,7 %	1,6 %
Anslag overheng til 2021	0,3 %	0,3 %	0,3 %

Tilsette i kapittel 4 fekk i det sentrale hovudtariffoppgjeret ei lønnsauke på 1 400 til 1 900 kroner med verknad frå 01.09.2020. Det vil heller ikkje vera rom for å gje høgare tillegg enn dette til tilsette i kapittel 5 og 3.4 i 2020. Dette vart dei hovudtillitsvalde i kommunen orientert om på lønnspolitisk drøftingsmøte 30.09.2020.

Lønnsforhandlingane for tilsette i kapittel 5 og 3.4 vil bli gjennomført torsdag 29.10.2020.

|

|